



KOMPETANSESENTER FOR SMÅKRAFT

Kompetansesenter for småkraft skal vera eit samlingspunkt og formidlingscenter for alle som fokuserer på småskala klimaløysingar. Kraft og vatn skal vera grunnsteinar i ei internasjonal satsing som skapar framtidig berekraftig lokal og regional vekst. Senteret vil ha særleg fokus på framtidige utbyggjarar i inn- og utland. Senteret sin filosofi er i tråd med nasjonal og internasjonal klimapolitikk, og basisen for senteret sin framtidige forretningsidè er eit natursyn med utgangspunkt i nytenking og kreativitet.

Kompetansesenter for småkraft i Samnanger er lokalisert på Frøland kraftstasjon. Eit knutepunkt på RV7 mellom Bergen og Hardanger – 40 minutt frå Bergen sentrum og frå Flesland.

Kompetansesenter for småkraft er inne i ein aktiv oppbyggingsfase og søker difor

PROSJEKLEIAR

Prosjektleiari skal vidareføra initiativ retta mot satsingsområda "Småkraft og næring", "Livslang Læring" og "Internasjonalisering". Arbeidsoppgåvene er varierte og inneber utstrakt samarbeid med aktørar innan småkraftmiljøet lokalt, nasjonalt og internasjonalt, læringsinstitusjonar og internasjonale fora. Prosjektleiari rapporterar til rådmann og refererar til kompetansesenteret si styringsgruppe der Fylkesmann i Hordaland, Hordaland Fylkeskommune, Høgskolen i Bergen, Hardangerrådet, Sparebanken Vest, BKK og Samnanger kommune er representerte.

Prosjektleiaren lyt vera sjølvstendig, resultatorientert og ha god gjennomføringsevne.

Me ser derfor etter deg som:

- ✓ har erfaring frå prosjektleiing og/ eller rådgjeving
- ✓ har relevant utdanning frå universitet/ høgskule
- ✓ kan kommunisera godt og likar å byggje relasjonar
- ✓ har internasjonal erfaring og kjennskap til fundraising

Prosjektstillinga er forankra i Samnanger kommune og vil vera eit årleg engasjement med forlenging eit år om gongen. Etter at prosjektperioden er avslutta kan det verta moglegheit for fast tilsetjing. Løn etter avtale.

Sjå www.kraftsenteret.no eller kontakt rådmann Tone Ramsli (9517 8989) for ytterlegare informasjon om stillinga. Alle henvendelsar vert handsama konfidensielt.

Elektronisk søknad innan 19. april 2010 sendast adm@samnanger.kommune.no